



Kommunen ønskjer inga flytebyggje i dette området. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Administrasjonen i kommunen går i mot at Svein Kåre Sjo skal få lov til å leggja ut ei flytebyggje ved utløpet av Uskedalselva. Saka skal opp i forvaltningskomiteen onsdag.

Det krevst i dette høve dispensasjon frå arealføremålet LNF om forbod mot bygging i strandsona. Administrasjonen finn ikkje at det ligg føre særlege grunnar etter lova og viser til at tiltaket ligg i eit område i kommunedelplanen der det er vedteke retningsline som frarår byggje- og anleggstiltak.

Søklar er Janet Alice Sjo i Sæbøvik - ved Svein Kåre Sjo. Søknaden er grunngeve med at brukaren av flytebyggja er 86 år gamal og hobbyfiskar. Han treng ein skikkeleg kai slik at han kjem seg enkelt til og frå båten, blir det opplyst.

Men administrasjonen viser til at det omsøkte arealet i gjeldande kommuneplan er avsett til LNF i sjø og vassdrag og at heile tiltaket ligg innafor 100-metersbeltet frå sjøen. Administrasjonen anslår at om lag 100 prosent ligg innafor funksjonell strandsona.

Aktuelle naboar er varsla, men det er ikkje komen merknad frå dei.

Av Ola Matti Mathisen